



## MØTEPROTOKOLL VALUTVAL

**Møtedato:** 03.12.2019  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 09:00 - 10:30

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Kjartan Haugsnes	SV	Utvalsleiar
Arne Normann	KRF	Nestleiar
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Renathe Vik	SP	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Line Eide Vik	SP	Hege Eide Vik

### Andre møtande:

Frå administrasjonen: Lin Tove Thomassen

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
09/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
10/2019	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
11/2019	VAL AV KANDIDATAR TIL ULIKE VERV FOR PERIODEN 2019 - 2023



**Vaksdal kommune**



**09/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Valutval 03.12.2019**

**Behandling:**

Boris Groth (FRP) la fram eit ønskje om at slike utvalsmøte vert lagt til same dag som andre politiske møter. Utvalsleiar er samd i dette. Møtet i valutvalet var tenkt lagt til same dag, men av ulike årsaker var det ikkje mogleg å samkøyre dette denne gongen.

Samrøystes vedtak

**VALU - sak 09/2019 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**10/2019: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Valutval 03.12.2019**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak

**VALU - sak 10/2019 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**11/2019: VAL AV KANDIDATAR TIL ULIKE VERV FOR PERIODEN 2019 - 2023**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Valutval 03.12.2019**



## **Behandling:**

### **Eldreråd**

Valutvalet innstiller Gudrun Boge Karlsen (Vaksdal pensjonistforeining) som varamedlem til Eldrerådet

### **Ungdomsråd**

Medlemmer i ungdomsrådet er valt etter ungdomsval og skal formelt vedtakast av kommunestyret. Det er valt 7 medlemmer og 1 varamedlem som skal sitje i eit eller to år.

### **Heimevernsnemnd**

Val av medlemmer og varamedlemmer til Heimevernsnemnda vert utsett. Valutvalet ber rådmannen om å følgje opp og gjere avklaringar knytt til val av medlemmer innan juni 2020.

### **Bergsdalen jordbruksfond**

Valutvalet ber om at val av medlemmer til Bergsdalen jordbruksfond vert utsett. Valutvalet ønskjer at rådmannen kjem tilbake til kommunestyret med ei sak som omhandlar Bergsdalen jordbruksfond. Rådmannen må kartlegge og gjere vurderingar for kva som skal leggjast til grunn for ei avvikling av Bergsdalen jordbruksfond. Det må også leggjast fram ei tilråding for korleis midlane knytt til fondet kan nyttast på ein slik måte at dette kjem innbyggjarane i Bergsdalen til gode. Dette må gjerast i dialog med Bergsdalen jordbrukslag og grunneigarar i Bergsdalen. Valutvalet ønskjer også at midlar knytt til Konowfondet vert sett på samtidig

### **BIR Klagenemnd**

Lisa Johnsen Lunde (AP) er innstilt som vara i BKK klagenemnd. Dersom ho takkar nei, vil Evelyn Boge (SV) få ein førespurnad.

### **IKTNH**

Varaordførar vert innstilt som varamedlem i IKTNH

### **Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt**

Monica Meland Sigurdson erstattar Amalie Johnsen Lunde som medlem i sakkunnig nemnd for eigedomsskatt.

Leiar: Monica Meland Sigurdson

Valutvalet ber om at skjema for utval, nemnder og råd vert oppdatert med ny informasjon.

### **VALU - sak 11/2019 Vedtak/Tilråding:**

### **Eldreråd**

Valutvalet innstiller Gudrun Boge Karlsen (Vaksdal pensjonistforeining) som varamedlem til Eldrerådet.

**Valutvalet innstiller følgjande medlemmer til ungdomsrådet:**



<b>Ungdomsrådet</b>	
<b><u>Medlemmer</u></b>	<b><u>Varamedlemmer</u></b>
May Kristin Løtvedt Larsen (2 år)	1. Ida Louise Middelton (1 år)
Emma Bolstad (1 år)	
Nathalia Angelica Mo Lilletvedt (1 år)	
Vegard Gullbrå Tollefsen (2 år)	
Regine Kydland (1 år)	
Ingeborg Straume Audestad (1 år)	
Ina Pettersen (2 år)	

### **Heimevernsnemnd**

Val av medlemmer og varamedlemmer til Heimevernsnemnda vert utsett. Rådmannen må gjere avklaringar knytt til val av medlemmer innan juni 2020.

### **Bergsdalen jordbruksfond**

Val av medlemmer til Bergsdalen jordbruksfond vert utsett.

Kommunestyret ber rådmannen om å gjere vurderingar for kva som skal leggjast til grunn for ei avvikling av Bergsdalen jordbruksfond og leggje dette fram for kommunestyret. Det må også koma fram ei tilråding for korleis midlane knytt til fondet kan nyttast på ein slik måte at dette kjem innbyggjarane i Bergsdalen til gode. Dette må gjerast i dialog med Bergsdalen jordbrukslag og grunneigarar i Bergsdalen.

Valutvalet ønskjer også at midlar knytt til Konowfondet vert sett på samtidig.

### **BIR Klagenemnd**

Lisa Johnsen Lunde (AP) er innstilt som vara i BKK klagenemnd.

### **IKTNH**

Varaordfører vert innstilt som varamedlem i IKTNH

### **Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt**

Monica Meland Sigurdson (H) erstattar Amalie Johnsen Lunde (H) som medlem i sakkunnig nemnd for eigedomsskatt.

Leiar: Monica Meland Sigurdson

---